

Lindås kommune
Meland kommune
Radøy kommune



Deres ref.:

Vår ref.
Sak/dok.: 17/46479
Ark.:

Dato:
16.01.2018

Invitasjon til møte i samband med kommunereforma i Lindås, Meland og Radøy

I samband med kommunereforma og digitale utfordringar inviterer Kartverket til møte i Lindås kommune, Råhuset torsdag 22. februar frå kl. 09.30 – 12.00. Informasjonen er retta mot leiinga i kommunen - primært ordførar og rådmann, fagleg leiing og fagpersonar på geodata/matrikkel. Det er også ønskjeleg at IT-ansvareg i kommunane deltek.

Kartverket har fått to klare roller frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) når det gjeld kommunereforma.

1. Teknisk koordinator på IKT – spørsmål i offentleg sektor
2. Gjennomføre nødvendige tilpassingar av matrikkelen

Teknisk koordinator:

I samband med denne oppgåva skal kartverket koordinere utfordringar i alle fagområder og på tvers av nivå i forvaltninga. Ein stor del av denne jobben er informasjon ut mot aktørar i offentleg forvaltning. Kartverket skal ikkje inn å gjere ei fagleg vurdering på alle fagområder, men vi skal belyse utfordringar på tvers av system og aktørar.

Vi sit på erfaringar frå tidlegare samanslåingar på omfang og innhald i dei utfordringane ein møter i IKT-system. Ein stor del av jobben for kommunane er kartlegging av eigne system, og organisering av dette arbeidet. Vår erfaring og klare tilråding er at dette arbeidet bør forankrast høgt i organisasjonen, både på politisk og administrativt nivå. Det er viktig at ein kjem tidleg i gong med dette arbeidet.

Gjennom vår oppgåve frå KMD har vi samla gode rettleiings- og erfaringsmateriale som vi har gjort tilgjengeleg for kommunane gjennom kartverket sine heimesider

www.kartverket.no/kommunereform/

Tilpassingar av matrikkelen:

Kartverket eig og driftar matrikkelen, ein av tre nasjonale felleskomponentar. For at ei

■ www.kartverket.no

kommunesamanslåing skal verte gjennomført må ein forsikre seg om at kvaliteten i matrikkelen er tilfredsstillande. Vidare er Kartverket tinglysningsmyndighet, og eig og driftar grunnboka. Ved ein kommunesamanslåing er ein avhengig av at desse to systema samsvarar, det vil seie at dei inneheld dei same eigedomane. Anna arbeid som må gjerast er blant anna å sikre at dei kommunane som skal slåast saman ikkje har like adressenamn. I tillegg må det gjerast ein del feilretting i matrikkelen. Det er viktig at ein kjem i gong tidleg med dette arbeidet.

I forkant av møtet vil vi sende ut feillister frå matrikkelen til matrikkelkontaktane i kommunane. Dersom det er ynskjeleg kan vi sjå meir på desse listene i etterkant av møtet saman med dei som arbeider med matrikkelen.

Vi håper at så mange som mogeleg kan vere med på møtet.

Vennleg helsing

Anne Lien
Fylkeskartsjef

Britt Anne Bergfjord

Kopi:
Tommy Veland, Lindås kommune
Anngunn Gullbrå, Meland kommune
Kjartan Medaas, Radøy kommune

